



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
05.10.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/12010
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Tilskotsordning - kompensasjon av kommunane sine utgifter for unytta plassar i 2016

I revidert nasjonalbudsjett for 2017 er det løyvd kr. 20 mill. i ei eiga tilskotsordning til kompensasjon av kommunane sine utgifter i 2016 knytt til førebuing av busetjing av einslege mindreårige flyktningar som ikkje blei busette.

Løyvinga på kr. 20 mill. er fordelt mellom fylkesmannsembeta som skal fordela si tilskotsramme mellom kommunane i kvart fylke. Hordaland si ramme er kr. 3.249.100,-.

Det vil bli lagt ut informasjon om ordninga blant anna på Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine nettsider.

Det ligg føre tal frå IMDi over kommunane sine vedtekne plassar for busetjing av einslege mindreårige flyktningar som ikkje blei brukte i 2016. Vedlagt tabell syner tala for Hordaland. I desse tala har IMDi teke utgangspunkt i kommunane sine vedtekne plassar per 31.12.2016.

Vi ber kommunane senda oss tal på vedtekne busetjingsplassar for einslege mindreårige flyktningar som ikkje blei brukte i 2016. Vi ber kommunane kommentera særskilt eventuelle avvik mellom IMDi sine tal og kommunen sine egne tal.

Tilbakemelding frå kommunane må bli gitt til Fylkesmannen innan onsdag 1. november i år. Dersom det er avvik mellom IMDi sine tal og kommunen sine egne tal, ber vi kommunen gi tilbakemelding så snart som mogleg.

Vi ynskjer tilbakemelding frå kommunen også om talet frå IMDi er i samsvar med kommunen sitt eige tal. Kommunar utan plassar treng ikkje gi tilbakemelding.

Med helsing

Anne Hjermann
avdelingsdirektør

Håvard Rød
seniorrådgivar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

Vedtekne plassar for einslege mindreårige flyktningar i 2016 som ikkje blei brukte

KOMMUNE

Bergen	94
Etne	0
Sveio	8
Bømlo	3
Stord	0
Fitjar	0
Tysnes	0
Kvinnherad	6
Jondal	0
Odda	0
Ullensvang	0
Eidfjord	0
Ulvik	0
Granvin	0
Voss	14
Kvam	4
Fusa	5
Samnanger	0
Os	0
Austevoll	0
Sund	0
Fjell	4
Askøy	9
Vaksdal	0
Modalen	0
Osterøy	8
Meland	0
Øygarden	10
Radøy	0
Lindås	14
Austrheim	5
Fedje	0
Masfjorden	0
SUM	184
SUM UTANOM	
BERGEN.	90